



ÅRSMELDING 2020



Foto: Fotograf Cecilie Hatløy

ÅRSMELDING 2020

Ulstein Næringsforum (UNF) vart stifta 27. mai 2019 som ei vidareføring av Ulstein Næringslag (UNL), og har etablert mål og strategiar som skal femne om alle næringsutøvarar i Ulstein.

UNF er registrert som ei foreining Brønnøysundregistra med organisasjonsnummer 918 610 928 MVA.

UNF vart først etablert 27. mai 2019, og dagleg leiar starta 1. juli same år. 2020 var derfor foreininga sitt første heile år.

Kun 3 månader inn i året fekk vi Corona-pandemien med alle tiltaka for å avgrense spreidinga av COVID19-viruset. Den situasjonen prega heile året og fortsett inn i 2021.

Bruk av heimekontor, krav til avstand og avgrensa talle på personar som kan møtast, førte til at svært mange planlagde aktivitetar blei avlyst.

Likevel har UNF si leiing brukt tid på å byggje relasjonar til medlemmer, verkemiddelapparatet og organisasjonar vi meiner er med på å danne grunnlaget for UNF sin aktivitet og gjennomslagskraft så godt dei har makta.

FØREMÅL:

Ulstein Næringsforum (UNF) skal sette dagsorden for, fremje og samordne næringsinteressene i Ulstein Kommune på tvers av bransjar og mellom næringsliv, academia og offentleg verksemd.

UNF skal arbeide for vekstkraft og eit robust næringsliv og for bu- og besøkslyst ved å fremje aktualiteten.

Dokumentet «Mål og Strategisk Handlingsplan» er eit verdi- og målhirarki for ein planmessig utvikling for medlemmane basert på 3 pilarar:

- I. Eit sterkt og robust næringsliv
- II. Ein sterk regional posisjon
- III. Eit aktuelt og relevant Ulstein

Dei varige vanskane for skipsbygging og annan maritim industri har vist at det er viktigare enn nokon gong å få satt dagsorden for korleis Ulstein skal kunne utvikle seg, og spesielt korleis Ulstein skal støtte vidareutvikling av eksisterande verksemder og tiltrekke seg nye.

MEDLEMSTAL OG - SAMANSETNING:

UNF hadde ved utgangen av 2020 110 medlemsverksemder/-organisasjonar (108 ved utgangen av 2019). Nokre få har avvikla/meldt seg ut og nokre nye er komne til.

Desse verksemdene omsette i 2019 for 9,065 mrd. Og hadde 4100 tilsette. (I 2018 var tala 8.4 mrd. og hadde 3.400 tilsette).

TILSETTE:

Det var ved utgangen av 2020 2,6 årsverk i foreininga fordelt på tre tilsette, dagleg leiar og to prosjektleiarar.

Den eine prosjektleiaren har hatt ansvar for festivalar, aktivitetar og kampanjar i regi av Handel- og Servicegruppa og den andre for prosjektet VITAL, eit prosjekt som har som mål å utvikle og gjennomføre ein leiarkonferanse og forskjellige skipsteknologiske samlingar i tillegg til eit program for turisme, vitjing av bedrifter og betre utnytting av idrettsanlegga våre.

Merknad: Prosjektleiaren i 60% stilling har sagt opp ved årskiftet. Det er ikkje planlagt å erstatte denne funksjonen i 2021.

EIGARSKAP/ENGASJEMENT I ANDRE ORGANISASJONAR**1) Norwegian Cruise and Ferry Group:**

Dagleg leiar sit i styret for NCFG, som er eit nettverk i den maritime klynga for 30 bedrifter som rettar seg mot bygging av cruiseskip og ferger.

2) Skaparhuset:

Dagleg leiar sit i styret for foreininga.

3) NæSS (Næringsforeiningane på Søre Sunnmøre):

Dagleg leiar er medlem i styringskomiteen i NæSS, eit nettverk av næringsforeiningane på Søre Sunnmøre.

VIRKEOMRÅDE:

UNF sitt verkeområde er Ulstein kommune, men engasjementet strekk seg utanfor kommuna om det gagnar medlemene. Det er også viktig å nemne at nokre medlemmer er regionale, med registrert forretningsadresse i andre kommunar, men med avdeling eller betydeleg aktivitet i Ulstein.

BRANSJEGRUPPER:

Medlemsmøta er overordna og med tema som femner om alle. Foreininga har bransjegrupper for behandling av bransjespesifikke tema der det er behov.

I 2019 (oppstartsåret) blei det etablert ei eiga bransjeforeining for Handel og Service, og i 2020 fik vi etablert bransjegrupper for Reiseliv og for Bygg og Eigedom.

REISELIV

Vi har hatt 1 oppstartsmøte for reiselivet i 2020. 12 verksemder møtte.

Det er 9 medlemsverksemder med i bransjegruppe reiseliv. I tillegg inviterast serveringsstadane ved behov og ønskje.

Reiselivsprosjekt Ytre Søre Sunnmøre (RYSS)

UNF har delteke i prosjektet på vegne av næringslivet i Ulstein. Både gjennom folkemøter, deltaking i workshops, konseptmøter og utvikling.

Visit Ulstein

Gjennom Prosjekt VITAL, har vi fått realisert konseptet *Visit Ulstein* – eit bidrag inn til RYSS der vi løftar fram reiselivsnæringa i Ulstein gjennom aktivitet, koordinering og marknadsføring.



HANDEL OG SERVICE

Det har vore 4 medlemsmøter i bransjegruppe handel og service.

Bransjegruppe for handel og service har gjennomført fleire aktivitetar. I 2020 hadde vi ein tilsett med hovudfokus på denne bransjen. Covid19-pandemien har gjeve store utfordringar for mange, men har samtidig gitt omsetnadsrekord for andre.

Aktivitetar

- Koordinering og informasjon om smittevern lokalt og tilpassa servering og butikk.
- Høyringsrunde alkoholpolitisk handlingsplan for Ulstein kommune
- Bidrege til å arrangere Trebaatfestivalen
- Baklukeloppis
- Jul i Ulstein (julelys, aktivitetar og annonsering)
- Nyttårsfyrværkeri


BYGG OG EIGEDOM

UNF tok hausten 2020 initiativ til oppstartsmøte for Bygg og Eigedom.

Det er 21 medlemsverksemder i bransjegruppe bygg og eigedom.

Det har vore 1 medlemsmøte i bransjegruppa. I dette var det innlegg frå Ulstein kommune, Ulstein Eigedomselskap og Hatløy Eigedomselskap.

9 verksemder samt UNF deltok i Ulstein kommune sin workshop for Smarte Bygg.



Frå bransjemøte Bygg & Eigedom

MARKNADSFØRING/INFORMASJONSARBEID:

Foreininga har arbeidd med å gjere Ulsteinvik og Ulstein tilgjengeleg for verksemder som kan tenkjast å etablere seg her. Gjennom ein portal for næringseigedom, og ein for ledige stillingar, har UNF freista å skape ein posisjon som tilretteleggjar for næringslivet.

Ein har også nytta ulike kanalar for å vidarebringe viktig og nyttig informasjon frå styresmakter og verkemiddelapparatet til medlemsbedriftene.

UNF tok på seg å utvikle ei eiga heimeside og ein facebook-profil for sjåverdigheiter og opplevingar i Ulstein. Utviklingsarbeidet blei ferdig på nyåret i 2021. «Visit Ulstein» er eigd av UNF og det er viktig at den blir følgt opp og halde oppdatert.

Øvrig informasjon og nyheiter til medlemmer har vorte gjort gjennom egne facebookgrupper samt facebook-sida til foreininga. UNF tok også i bruk ein Instagram-profil i 2020 for å vise litt av aktiviteten vår.

Vi har stort sett gjennom 2020 presentert «vekas medlem» i sosiale media der vi har framheva eitt og eitt medlem.

Publikum sendte inn forslag på kandidatar for Næringsprisen for 2020 som styret har teke stilling til.

KOMPETANSEHEVING

Eit viktig tiltak i regi av UNF er kompetansebygging. Grunna restriksjonane for begrensing av Covid19-viruset, har det vore vanskar med å få gjennomført arrangement. Desse er likevel gjennomført:

Kurs:

- Sosiale Medier, 18 deltakarar
- Incoterms 2020, 19 deltakarar

Informasjonswebinar:

- Tiltakspakkar 1 med Sparebank 1 Søre Sunnmøre, NAV og Advokatfirmaet Øverbø & Gjørtz, 218 deltakarar
- Tiltakspakkar 2 med Sparebank 1 Søre Sunnmøre, NAV og Advokatfirmaet Øverbø & Gjørtz, 121 deltakarar
- Tiltakspakkar frå Innovasjon Norge, deltakarar ukjent

ANDRE ENGASJEMENTSOMRÅDER:

SAMFUNNSUTVIKLING

Parallelloppdrag, Ulstein kommune

UNF har delteke i Ulstein kommune sitt parallelloppdrag for Ulsteinvik sentruk og Holsekerdalen.

Are Garshol og Daniel Garden har representert næringslivet i evalueringsgruppa for prosjektet.

SAMFERDSLE

Gjennom deltaking i *Nettverk for Samferdsle Sunnmøre* deltek UNF saman med dei andre næringsforeiningane på Søre Sunnmøre og Ålesund, Mafoss, Maritimt Forum og Gode Vegar AS i arbeidet med å betre samferdsletilhøva i regionen.

UNF bidreg i arbeidet med å utbetre trafikkmessige utfordringar for næringslivet i Ulstein. Spesielt fokus har vi på Saunesmarkkrysset, «Dimnakrysset», Glopen og radio-/mobildekning i Selvågtunnelen.

UNF SITT ENGASJEMENT GJENNOM NÆSS:

UNF var ein av initiativtakarane til at leiarane i næringsforeiningane på Søre Sunnmøre (Næss) møtast for å drøfte utfordringar som er felles for alle. I 2020 har det vore:

- Å få vedteke igangsett arbeida med Stad Skipstunell

- Koordinere arbeidet innan samferdsle i *Nettverk for samferdsle på Sunnmøre*
- Å få Hovden-Oslo-ruta innatt i FOT-systemet, samt statleg kjøp av denne ruta under covid19-pandemien.
- Adressere tiltak som gagnar heile næringslivet på Søre Sunnmøre



Frå leiarkonferansen *The New Normal* (foto: Studio Per Eide)

PROSJEKT:

VITAL:

Prosjekt hadde sin oppstart i mars 2020 ved tilsetjing av prosjektleiar. Det er gjort mykje på utvikling, men situasjonen knytt til korona-pandemien førte til at dei skipsteknologiske samlingane ikkje kunne gjennomførast. Leiarkonferansen – *The New Normal* - blei gjennomført med eit avgrensa tal på deltakarar. UNF gjorde seg gode erfaringar med arrangementet. Prosjektet er finansiert av Ulstein Kurs- og Konferansesenter AS, UNF og Sparebanken Møre med det mål å stryke vårt lokale skipsteknologiske fagmiljø, bygge kompetanse på gjennomføring av aktuelle konferansar og arrangement, samt å legge til rette for profesjonell handtering av delegasjonar som besøkjer industrien og kommuna vår, samt sørge for at større idretts- og kulturarrangement leggst til Ulsteinvik. Are Garshol representerer UNF i prosjektstyringsgruppa.

SKAPARHUSET:

UNF er medlem og medskipar av Skaparhuset i Ulsteinvik saman med MAFOSS, ÅKP, iKuben, Høgskulen i Volda, Ulstein Vidaregåande/Møre og Romsdal Fylkeskommune, Sparebanken Møre og Ulstein kommune. Skaparhuset er ein samskapingarena midt i Ulsteinvik sentrum. Dagleg leiar representerer UNF i styret for Skaparhuset.

TREBAATFESTIVALEN:

UNF er største bidragsytar til Trebaatfestivalen. Festivalen vart arrangert i august

2020. UNF har inngått avtale med Trebaatfestivalen for 3 år framover som skal sikre at Trebaatfestivalen held fram som den årlege folkefesten han er blitt.

REISELIVSPROSJEKT FOR YTRE SØRE SUNNMØRE

Kommunane Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven har teke initiativ til eit reiselivsprosjekt i regi av Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS). Prosjektet har som mål å auke å styrke reiselivsprodukt som grunnlag for auka besøk. UNF deltek i prosjektet.



UNF med felles tiltak for julehandelen i Ulsteinvik 2020 (grafisk: Tegneren AS)

ØKONOMI:

I oppstartsåret 2019 oppnådde UNF eit overskot på kr 236 361 som blei foreininga sin eigenkapital.

I 2020 var det planlagt med aktivitetar som skulle gi eit positivt resultat. Slik blei det ikkje. Tiltaka iverksett for å avgrense spreinga av COVID19-viruset førte til at fleire arrangement blei

avlyst og andre blei gjennomført med få deltakarar. I tillegg blei bekrefta tilskot ikkje utbetalt som følgje av avlysing av arrangement.

UNF hadde samla inntekter på kr 3 150 616 (kr 1 747 250). Av dette utgjorde kontingent og serviceavgift frå medlemmane kr 2 008 000 (kr 1 647 250). Inntekt frå prosjekt og arrangement er kr 1 142 616 (kr 100 000) var resterande.

Kostnadane blei samla kr 3 469 545 (kr 1 510 039) som førte til eit driftsresultat på kr - 318 929 (kr + 237 211). Konferansen, The New Normal, gav eit underskot. Den var planlagt å gi eit overskot, og det var planlagt å gjennomføre fleire andre arrangement som skulle gi overskot. Avlysing av disse andre arrangementa førte også til bortfall av tilskot på kr 200 000.

Resultatet på kr - 320 174 foreslår styret ført mot eigenkapital.

Selskapet har kr 595 420 (kr 667.282) i eigendelar som er omløpsmidlar (bankinnskot og fordringar), ein eigenkapital på kr - 83 813 (kr 236.361) og ei gjeld på kr 679 233 (kr 430.921).


Ved oppstart i 2021 har UNF innbetalingar som gjer at foreininga kan gjere opp for sine pliktar. Det er og planlagt eit høgt aktivitetsnivå i 2021, spesielt for hausten under dei føresetningane at restriksjonar på arrangement blir oppheva. Prosjekta blir planlagt, men om tiltaka for å avgrense COVID19-smitta blir vidareført også gjennom året, vil arrangementa ikkje verte gjennomførte. Kostnadene blir tilpassa inntektsnivået slik at UNF likevel vil kunne oppnå overskot i 2021.

Sjølv om Corona-pandemien fører til eit lavt aktivitetsnivå, og UNF har ein underbalanse på kr 83.813, er utsiktene for 2021 slik at styret meiner det er grunnlag for fortsatt drift.


Merknad: Det er truffe tiltak for å betre prosjektstyring og økonomi.

Foreininga har frå og med året 2020 etablert revisjonskomité.

Ulsteinvik, 18.02.2021




Steinar Kulen
Styreleiar




Helene Holstad




Agathe Teige Eiksund



Stig Brautaset



Morten Ulstein



Oddhild Sandanger



Knut Erik Engh